



## Din kommune er medlem av Ungt Entreprenørskap Hordaland



Som medlem av Ungt Entreprenørskap Hordaland får skulane i kommunen høve til å delta på kurs og undervisningsopplegg som fremjar nyskaping og innovasjon. Alle undervisningsopplegg blir knytta mot kompetansemål i ny læreplan og er med på å gjera undervisninga meir praktisk.

Dei ulike undervisningsopplegga blir gjennomførte i samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv, og fremjar kreativitet, skaparglede, tru på egne evner og å lære ved å gjera. I framtida treng ein innovatørrar overalt og dermed treng elevane handlings og innovasjonskompetanse.



## UE Vestland frå 2020

Frå og med 1.januar 2020 vil UE Hordaland og UE Sogn og Fjordane slå seg saman til ein organisasjon for å følgja den nye regionstrukturen. Det vil bli føreteke ein verksemoverdraging frå UE Hordaland til den nye organisasjonen UE Vestland. Dette vil ikkje få nokon konsekvensar for våre medlemskommunar utanom at kommuneavtalar i framtida vil bli inngått med UE Vestland. Allereie inngåtte avtalar blir ovetekne av den nye organisasjonen.

## Undervisningsopplegg me tilbyr og kvifor

Vi lever i ei verd som stadig møter nye utfordringar knytt til globalisering, demografi, økonomi, berekraftig utvikling og omstilling. Vi må tenkje smart og nytt for å saman kunne takle desse utfordringane på best mogleg måte. Dette har skapt ei brei politisk einigheit i Noreg om at entreprenørskap og innovasjon må integrerast i heile utdanningsløpet. I dei nye læreplanane vert det lagt det vekt på å skape eit grunnlag som gjev elevane betre evne til å reflektere, være kritiske, skapande, utforskande og kreative.

På ungdomstrinnet får elevar erfaring med å tenkje nytt, utfordre seg sjølv og utvikle noko i fellesskap gjennom **berekraftig elevbedrift**. Programmet gir elevane trening med å starte, utvikle og avvike ei lita bedrift der dei fokuserer på berekraft og sosiale løysningar. Elevane får også kunnskap om verdiskaping og ser korleis eigne og andre sine handlingar er med på å skape arbeidsplassar og lønsemd for seg sjølv og andre. Å lære av egne erfaringar er sentralt i elevbedriftsarbeidet. Det vert lagt opp til at elevane skal ta egne val undervegs i læringsprosessen og skaffe seg erfaringar som dei kan reflektere over i etterkant. Ungt Entreprenørskap har fått auka støtte frå Kavlifondet til å drive elevbedrift med fokus på berekraft. Dette fører til at vi aukar aktiviteten i grunnskulen frå hausten 2019.

Gjennom **SMART** får elevane på barnetrinnet verdifull erfaring med å tenkje kreativ, utvikla nye idear og samarbeida. Elevane lærer også mykje om berekraft og klimautfordringar. I skuleåret 2018/2019 vart det 194 elevar frå Nordhordaland som deltok i SMARTere Energi. Dei hadde fått ei problemstilling frå Biosfæreområdet Nordhordland om korleis turistar kunne reise rundt i biosfæreområdet på ein energismart måte. Elevane sine løysningar inkluderte blant anna elektriske båtar dreve av nedbør, flygande bussar og dronetransport. Ein skule frå Meland, ein frå Lindås og ein frå Radøy ble sendt vidare til fylkesfinalen på VilVite i Bergen.



For å gi elevane ei betre forståing av kva som går føre seg i samfunnet rundt dei har me på 2. trinnet programmet **Våre familiar**. Her får elevane kunnskap om korleis ein familie fungerer økonomisk og kva val og prioriteringar ein må ta. De får prøve seg som innkjøparar og lærer om yrker og kva som må til for å få arbeid. Programmet vert vidareført på 4.trinnet gjennom **Vårt lokalsamfunn** der dei vert bevisstgjorte på lokalt arbeids- og næringsliv si betydning for velferda og trivselen til innbyggjarane.

På ungdomstrinnet får også elevane kunnskap om omgjevnadene sine og då særleg retta mot arbeidslivet. I **Økonomi- og karriereval** blir elevane utfordra til å tenkja over kva som er viktig når dei skal velgja utdanning og yrke. Blant anna får dei erfara kva slags konsekvensar deres karriereval og livsvanar har for framtidige livssituasjonen deira. Elevane får og forståing av viktigheta av å ha eit ryddig forhold til eigen økonomi og blir sett i fiktive situasjonar som blant anna omfattar forbruksgjeld og mangel på forsikring.